



Sak nr 42/2012

Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

## Søknad om tilskot til kråkefelle

I samband med at fjellstyret vedtok å frede rypa, vart det sett ned ei gruppe som skulle sjå på reduksjon av smårovvilt for å betre tilstanden for småviltet. Gruppa er samansett av representantar frå fjellstyret og jeger- og fiskarlaget.

Gruppa v/Finn Hesselberg søker i brev datert 7.11.12 om støtte til innkjøp av 4 kråkefeller. Kostnadane med tiltaket er ikkje klare, men det er antyda ein sum på vel 20.000 kr. Fellene vil bli sett opp i ulike deler av kommunen. Gruppa ser for seg at innkjøpet blir finansiert av kommunen, fjellstyret, grunneigarlag og jeger- og fiskarlaget. Jeger- og fiskarlaget har vedteke at dei vil støtte tiltaket.

## Vedtak:

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og vedtek å støtte kjøp av 4 kråkefeller med inntil kr 10.000 på vilkår av at kommunen gir eit tilsvarende tilskot.

Einstemmig vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag